

Saksframlegg

Saksbehandlar: Ina Therese Sørfonden/Stig Vattekår, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 14/5238-4

Eigarmelding 2014

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget sluttar seg til vurderingane og prinsippa for eigarpolitikk i del I av eigarmeldinga, inkl. nye mål for eigarskapen, jf. vedlegg 1, del I, pkt. 1.2.
2. Fylkestinget sluttar seg til omtalen og vurderinga av dei einskilde selskapa og stiftingane i del II av eigarmeldinga, jf. vedlegg 1.
3. Fylkestinget legg følgjande til grunn for dei einskilde selskapa, jf. del II (jf. vedlegg 1):
 - a. Inntil anna ev. vert bestemt - vidareføre eigarskapen i fylgjande selskap:
F1 Holding AS, Fjord1 AS, Sogn og Fjordane Energi AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS, Fjord Invest Såkorn AS, Framtidsfylket AS, Opplæringsfartøy AS, Vigo IKS, Kommunekraft AS, Sogn og Fjordane Teater, Trivselshagen IKS og Sogn og Fjordane Revisjon IKS.
 - b. Starte prosess med avvikling av eigarskapen i fylgjande selskap:
Luna Industri AS (prosess er i gang), Lutelandet Utvikling AS, Gulen og Masfjorden Utvikling AS, Botnaneset Industriselskap AS, Njøs næringsutvikling AS, Firda Billag AS, Mentro AS (tidl. Firda Produkt AS), Origod AS, Sandane Industri L/L, Sogneprodukt AS og Norsk Fjordhestsenter AS.
4. Fylkesrådmannen får i oppdrag å førebu avvikling av eigarskapen i selskapa omtalt under pkt. 3b ovanfor.
5. Fylkesutvalet har etter delegeringsreglementet punkt 4.5 mynde til å fatte endeleg avgjerd om sal av aksjepostane/lutane i selskapa omtalt under pkt. 3b ovanfor.

Vedlegg:

1. Eigarmeldinga 2014 – Fylkeskommunalt eigarskap i selskap

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Dette er sjuande gongen fylkestinget får seg førelagt ei melding om fylkeskommunalt eigarskap i selskap. Første gongen var i fylkestinget i desember 2008 i sak 38/08.

Framlegg til eigarmelding 2014 har teke omsyn til fylkestinget sine tidlegare vedtak i høve eigarmeldingane, samt andre vedtak om fylkeskommunal eigarutøving.

Del I av eigarmeldinga omhandlar eigarpolitikk med synspunkt og vurderingar av mellom anna mål for fylkeskommunal eigarskap, prinsipielle utfordringar, samfunnsansvar, etikk, reglar og rutinar for korleis utøve fylkeskommunal eigarskap, rollefordeling, samt habilitet.

Del II av eigarmeldinga har omtale av kvart selskap som fylkeskommunen har eigarskap i og ei vurdering av om fylkeskommunen bør halde fram som eigar. Det er også utarbeidd ei oversikt over stiftingar der fylkeskommunen er stiftar/medstiftar.

2. Vedtak om Eigarmelding 2013 – fylkestings sak 37/13

I fylkestinget sitt vedtak i sak 37/13 står det følgjande i punkt 5:

«Fylkestinget ber fylkesutvalet organisere eit arbeid med gjennomgang av fylkeskommunen sin eigarstrategi for handsaming i fylkestinget i april 2014.»

Fylkesutvalet sette ned ei arbeidsgruppe bestående av gruppeleiarane som gjekk gjennom eigarskapen til kvart enkelt selskap. Arbeidsgruppa kom med anbefalingar til fylkesutvalet. Arbeidsgruppa sitt arbeid har per 24. september ikkje ført til endring i eigarposisjon i nokre av selskapa fylkeskommunen har eigarinteresser i. Rapport frå dette arbeidet går fram av kap. 1.7 i eigarmeldinga del I.

3. Reviderte kriterium for å vere eigar i selskap

3.1 Bakgrunn

I arbeidsdokument 3/14 vedtok fylkesutvalet (som finansutval) blant anna:

Ved utarbeiding av neste eigarmelding skal det vurderast kva selskap fylkeskommunen som eit minimum må oppretthalde eigarskapen i, og kva konsekvensar det vil ha å avvike eigarskapen i dei resterande selskapa

Bakgrunnen for å ta denne gjennomgangen er ein svekka fylkeskommunal økonomi dei komande åra. Det er ikkje så mange av selskapa som vil gje store økonomiske gevinstar ved sal, men som nemnt i arbeidsdokument 3/14, kan det vere eit sjølvstendig poeng å redusere arbeidsbelastninga både på administrativ og politisk side ved å eige færre selskap.

I vedtaket over er det nytta uttrykket «kva vi minimum må oppretthalde eigarskap i». Fylkesrådmannen har tillate seg å justert problemstillinga til kva vi som eit minimum bør eige.

For å gjere ei vurdering av kva selskap fylkeskommune minimum bør eige, vil det vere naudsynt å gå gjennom retningslinene for fylkeskommunalt eigarskap. Deretter vil vi sjå meir konkret på kvart einskild selskap i del II av eigarmeldinga. Til slutt vil vi kome litt inn på konsekvensar av ein endra eigarpolitikk.

3.2 Gjeldande eigarpolitikk

Gjeldande eigarpolitikk går fram av Eigarmelding 2013 punkt 1.1 til 1.5.

3.3 Vurdering av gjeldande eigarpolitikk

Fylkeskommunen bør halde på mange av målsettingane i eksisterande retningsliner, men det er ikkje alltid naudsynt at fylkeskommunen er direkte eigar i selskap for å arbeide for desse målsettingane. Dette gjeld til dømes følgjande punkt:

- Sikre at inntekter av naturressursane i fylket kjem innbyggarane i fylket til gode.
- Behalde og vidareutvikle arbeidsplassar; spesielt kompetansearbeidsplassar/FoU-miljø i fylket.
- Være ein viktig bidragsytar ved nyetableringar som ikkje vil kome opp og gå utan fylkeskommunalt medeigarskap.
- Sikre god infrastruktur i fylket (straum, vegar, kollektivtrafikk, FoU-miljø).

Her meiner fylkesrådmannen at fylkeskommunen si rolle frå no av bør utøvast meir som ein tilretteleggjar. For å vere ein god og aktiv eigar krevst både kapital, kunnskap og ikkje minst personalressursar. Med den knappheit på ressursar som er forventa at fylkeskommunen vil ha i tida som kjem, vil fylkeskommunen kunne vere betre tent med å arbeide for målsettingane gjennom deler av vårt verkemiddelapparat. Dette kan til dømes vere fylkesomfattande selskap som Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS, Innovasjon Norge, Fjord Invest Såkorn AS og Framtidsfylket AS. Kunnskapsparken arbeider med starthjelp for nyetableringar (inkubatorbedrifter). Gjennom Innovasjon Norge kan bedrifter søke lån og tilskot. På den andre sida har mange bedrifter ofte bruk for å styrke eigenkapitalen og fylkeskommunen vert frå tid til annan utfordra til å gå inn som eigar. Å vurdere slike søknader er arbeidskrevjande og krev god kompetanse på området. I staden for at fylkeskommunen skal gå direkte inn med kapital i ulike bedrifter, har vi ved slike førespurnader tidlegare gjort vedtak (FT-sak 58/10) om å nytte Fjord Invest Såkorn AS. Fylkesrådmannen meiner at arbeidet for å nå målsettingane i eigarmeldinga ikkje alltid må gjerast gjennom direkte eigarskap. Derimot kan innsatsen i stor grad kan utøvast gjennom nokre utvalde, men dertil eigna føretak.

Når det gjeld målet om å sikre god infrastruktur ved sikring av straumleveransar og kollektivtransport, kan det ikkje lenger vere ei fylkeskommunal oppgåve å vere eigar slike bedrifter. Ivaretaking av spesifikt definerte mål gjennom eigarskap til selskap er over tid i aukande grad blitt overteke av alminnelege reguleringar i lovverk, forskrifter og konsesjonsreglar og gjennom forretningsmessige kjøp frå selskapa. Eigarskap i til dømes Sogn og Fjordane Energiverk AS, Fjord1 AS og Firda Billag AS må derfor sjåast på eigarskap med finansielle mål der vi ynskjer ei god avkastning som samsvarar med den risiko som ligg i å eige aksjar. Ved eit reint kommersielt eigarskap, vil det til ei kvar tid vere viktig å vurdere avkastninga vi får opp mot relevant risiko og kva vi alternativt kan bruke kapitalen til. Generelt er det forholdsvis stor risiko i å eige aksjar i einskildselskap. På grunn av denne risikoen kan det stillast spørsmål om det i det heile er ei fylkeskommunal oppgåve å eige aksjar der vi berre har eit finansielt motiv. Fylkesrådmannen vil ikkje konkludere endeleg om dette no, men ynskjer ev. å kome attende til dette i seinare.

Fylkeskommunen si rolle som eigar av vegar er ikkje lenger aktuell som ein del av eigarpolitikken. Dette punktet vart opphavleg teke inn i eigarmeldinga fordi vi var eigar i Vikafjellsvegen A/L og Kvivsvegen AS.

Som eigar i arbeidsmarknadsbedriftene, har fylkeskommunen sitt bidrag stort sett vore knytt til kapitalinnskotet. Fylkeskommunen har elles vore ein forholdsvis passiv eigar. Arbeidsmarknadsbedriftene har alle ein solid økonomi. Det vil ikkje vere problem for desse bedriftene å stå godt på egne bein utan fylkeskommunen som eigar.

Fylkesrådmannen ser at det framleis kan vere naudsynt å delta på eigarsida saman med andre kommunar eller fylkeskommunar i selskap der vi saman kan få til gode fellesskapsløysingar. Døme på dette kan vere Kommunekraft AS.

Det vert ikkje gjort framlegg om endringar i gjeldande reglar for avvikling av engasjement. Dei opnar blant anna for å gå ut av selskap som er «sjølvgåande» utan fylkeskommunalt eigarskap. Problemstillinga ved slike vurderingar har ofte vore at det ikkje er kjøparar av dei aktuelle aksjepostane, men her bør eit meir bevisst arbeid med avvikling av eigarskapen kunne føre fram.

3.4 Konsekvensar av nye mål for eigarskapen

Fylkesrådmannen ser to hovudkonsekvensar av omlegginga som her er føreslege:

- A. Det må settast i gang eit konkret arbeid med å realisere aksjar og andelar.

- B. Ved å konsentrere fylkeskommunen si satsing gjennom færre selskap, vil vi ha høve til å vere ein meir aktiv og tydleg eigar.

3.5 Framlegg til nye mål for eigarskapen (kriterium for eigarskap) i punkt 1.2 i Eigarmelding 2014

Fylkesrådmannen foreslår at punkt 1.2 vert endra til:

Fylkeskommunen sitt føremål med eigarskap i selskap skal oppfylle eitt eller fleire av følgjande krav:

1. Finansielle mål:
 - Sikre at investert kapital oppnår god avkastning som samsvarar med den risikoen fylkeskommunen tek ved å ha eigardelar i selskapet, som t.d. Sogn og Fjordane Energi AS.
2. Næringsutvikling:
 - Delta i selskap som arbeider med fellestiltak for å utvikle næringslivet i fylket, som til dømes Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS.
 - Delta i investeringsselskap som går inn som eigar for å utvikle nye selskap, som til dømes Fjord Invest Såkorn AS.
3. Fylkeskommunale-/kommunal fellestiltak:
 - Delta i selskap saman med andre fylkeskommunar og kommunar for å oppnå stordriftsfordeler i tenesteproduksjonen, som til dømes Vigo IKS.
4. Fylkesomfattande kulturselskap:
 - Delta i selskap saman med til dømes kommunar for å sikre drift av fylkesomfattande kulturinstitusjonar, som til dømes Sogn og Fjordane Teater LL.

3.6 Med grunnlag i framlegget til nye mål for eigarskapen ovanfor gjer fylkesrådmannen framlegg om at fylkeskommunen inntil anna ev. vert bestemt skal eige aksjar/andelar i følgjande selskap:

F1 Holding AS, Fjord1 AS, Sogn og Fjordane Energi AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS, Fjord Invest Såkorn AS, Framtidsfylket AS, Opplæringsfartøy AS, Vigo IKS, Kommunekraft AS, Sogn og Fjordane Teater, Trivselshagen IKS og Sogn og Fjordane Revisjon IKS.

3.7 Med grunnlag i framlegget til nye mål for eigarskapen ovanfor gjer fylkesrådmannen framlegg om at det vert starta ein prosess for å avvikle eigarskapen i følgjande selskap:

Luna Industri AS (prosess er i gang), Lutelandet Utvikling AS, Gulen og Masfjorden Utvikling AS, Botnaneset Industriselskap AS, Njøs næringsutvikling AS, Firda Billag AS, Mentro AS (tidl. Firda Produkt AS), Origod AS, Sandane Industri L/L, Sogneprodukt AS og Norsk Fjordhestsenter AS.

Nærare grunngeving for tilrådinga om sal av aksjepostane/lutane i desse selskapa går fram av omtalen under kvart einskild selskap i eigarmeldinga del II.

Fylkesrådmannen ber om fullmakt for å starte dette arbeidet. I dei tilfelle vi får til avtalar om sal eller overtaking av eigarpostane, vil dette bli presentert for FU for endeleg godkjenning.

For kvart einskild selskap vil det i del II av eigarmeldinga gå fram nærare vurderingar i høve eigarskapen.

4. Andre endringar i eigarmeldinga

Endringar i del I:

Det er gjort mindre språklege endringar i eigarmeldinga frå 2013. Desse er ikkje omtala nærare i saksframlegget. I det vidare vil fylkesrådmannen trekke fram dei viktigaste endringane i meldinga:

Punkt 1.2.7 «Enkeltsaker»: Det er kome inn eit nytt punkt om politiske vedtak knytt til eigarskapen i 2014 under punkt 1.2.7 «Enkeltsaker». Det er også ført opp nokre saker under punkt «2013»; dette er saker som det vart fatta vedtak i etter fylkesutvalet si handsaming av 2013-meldinga.

Punkt 2.2.2 «Reglane om habilitet»: Reglane om habilitet er blitt ytterlegare presisert i årets eigarmelding. Presiseringa tek utgangspunkt i Kommunal- og regionaldepartementet sin rettleiar «Habilitet i kommuner og fylkeskommuner». Presiseringa gjeld mellom anna kva omgrepet «avgjerd» omfattar, når eit selskap er rekna som part i ei sak samt bruken av forvaltningslova § 6 andre avsnitt i eigarskapssaker.

Nytt punkt 2.3 «Reglar om det offentlege sin innsynsrett i eigarskapssaker»:

Det er teke inn eit nytt punkt som gjer greie for det offentlege sin innsynsrett i dokument som omhandlar eigarskap etter offentleglova § 13, jf. forvaltningslova § 13, offentleglova § 23, 4. avsnitt, samt §§ 14 og 15.

Punkt 3.2.1 «Fylkesutvalet si rolle»: Under dette punktet er det kome ei presisering av myndefordelinga i saker som gjeld utpeiking av styremedlemmer til selskap. Vidare er det referert til fylkesutvalet sitt mynde etter Delegeringsreglementet sitt punkt 4.5 «Deltaking i stiftingar, aksjeselskap eller andre selskap».

Punkt 3.9 «Tilsyn og kontroll med fylkeskommunen sine interesser i selskap»:

Det har blitt gjort mindre presiseringar i dette avsnittet. Presiseringa skriv seg til skiljet mellom eigarskalskontrollen og forvaltningsrevisjonen i ein selskapskontroll.

Endringar i del II:

Denne delen vert skriven med grunnlag i årsrekneskap, årsmeldingar, protokollar, rapportar frå generalforsamling/representantskapsmøte, vedtekter, selskapsavtalar og eigaravtalar, slik at omtalen av kvart selskap er så oppdatert som mogleg.

Selskapa er etter dei nye eigarskapspriteria delt inn:

- 1) Finansielle mål,
- 2) Næringsutvikling,
- 3) Fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak og
- 4) Fylkesomfattande kulturselskap
(Arbeidsmarknadsbedrifter)

Punkt 4.2 «Definisjon av nøkkeltal»:

Det er gjort mindre presiseringar av nøkkeltala som er nytta i eigarmeldinga.

Oppdatering av selskapsinformasjon:

Nye styresamansetningar og andre oppdaterte selskapsopplysningar er teke inn under det enkelte selskap. I Eigarmelding 2014 går det fram av selskapsoversikta kven som er valt eigarutsending, samt kven som møtte på ordinær generalforsamling/ føretaksmøte/ representantskapsmøte.

Vurdering av eigarskapen

I Eigarmeldinga 2014 er inndelinga av selskapa i «vidareføre eigarskapen» og «vidareføre inntil vidare» fjerna.

I tråd med oppdraget under punkt 2 i dette saksframlegget er det gjort ei oppdatert vurdering av eigarskapen i kvart enkelt selskap etter dei nye kriteria for eigarskap, sjå saksframlegget punkt 3.

Fylkestinget tek mellom anna stilling til om det er særlege forventningar til enkelte selskap for den komande perioden. Dette vert teke inn under omtalen av selskapet i eigarmeldinga del II, men går også fram av vedtaket.

Mentro AS

Firdaprodukt AS har skifta namn til Mentro AS.

Informasjon om prosess knytt til bustadstiftingane

Stiftinga har sidan Helse Førde overtok sjukehusa den 1.1.2002 leigt ut bustadmassen til Helse Førde. Helse Førde er leigt inn i funksjonen som dagleg leiar/forretningsfører.

I fylkestingssak 46/12 vart det vedteke å gje fylkesrådmannen fullmakt til å gjere naudsynte tiltak, t.d. søkje om vedtektsendring, slik at Helse Førde i framtida vel styret i Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset i Lærdal, Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset på Nordfjordeid og Bustadstiftinga ved Sentralsjukehuset Sogn og Fjordane.

Helse Førde har stilt seg positiv til å ta over ansvaret med å peike ut styremedlemmar. Bustadstiftinga ved Lærdal sjukehus stiller seg bak vedtaket til fylkestinget i 2012 og vil setje i gong ein omdanningsprosess for å gjere naudsynte endringar i vedtektene. Bustadstiftinga ved sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane og ved sjukehuset på Eid er i dialog med fylkesrådmannen om kva instansar som bør peike ut styra. Grunna at det er eit komplisert regelverk for omdanning av ei stifting tek denne prosessen tid og det er ikkje sett i gong søknadsprosess for omdanning av desse to stiftingane pr. 24. september 2014.

Fjord Norge AS

Frå og med Eigarmelding 2015 vil Fjord Norge bli ein del av eigarmeldinga. Sogn og Fjordane sine aksjar i Fjord Norge AS har vore disponert av Sogn og Fjordane Reiselivsråd. Rådet vart lagt ned i tråd med vedtektene denne våren, og aksjane er overførte til Sogn og Fjordane fylkeskommune gjennom eigen avtale.

Punkt 10 om selskapskontrollar

Oversikten er oppdatert i samsvar med vedtekne planar.

5. Andre endringar

Mal for rapport frå eigarutsendinga i selskap vil bli oppdatert for rapportering i 2015. Malen vil ligge tilgjengeleg på fylkeskommunen sine nettsider, www.sfj.no, under «Eigarskap».

Då rapporten tek sikte på å gje fylkesutvalet eit godt grunnlag for å utøve aktivt eigarskap, blir det gjort merksam på at innhaldet i rapporten kan vere av ein slik karakter at den må haldast unna offentleg innsyn etter offentleglova § 23,4. ledd. Det vert understreka at det må gjennomførast ei konkret offentlegheitsvurdering av kvar enkelt rapport basert på innhaldet.

6. Opplæring av folkevalde

Det vart gjennomført opplæring av dei folkevalde under politikardagen den 22. september. Tema for opplæringa blir/var eigarrolla og skiljet mellom eigarrolla og rolla som styremedlem. Ny opplæringsplan vil bli utarbeidd etter fylkestingsvalet i 2015.

7. Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at fylkestinget sluttar seg til vurderingane og prinsippa for eigarpolitikk i del I samt omtalane og vurderingane av selskapa og stiftingane i del II.